

ÅRSMØTEREFERAT VENELAGET OLAV H. HAUGE.

Stad: Heradsstyresalen på Hugesenteret i Ulvik

Tid: Fredag 9. september 2022 kl. 16.00

Sak 1: Val av møteleiar : Olav Ljones

Val av referent - Anders Kr. Oppheim

Val av to til å skriva under referatet: Eli Lillebø og Ingebjørg Winjum

Sak 2: Godkjenning av årsmelding.

Olav Ljones la fram årsmeldinga i tillegg til tidlegare notat om drift og erfaringar. Nokre punkt frå meldinga: Styret har berre hatt digitale møte dette året. Lite om arrangement etter siste festival. Heimesida har ikkje vorte utvikla slik det var tenkt. Styret hadde fullmakt til å tildela Amboltprisen. Det nye styret bør vurderer om ein skal fortsetja å dela ut denne prisen. Mellom anna fordi årets fysiske pris var den siste laga av Leif Gjerme. Neste gong må ein få laga ein ny. Styre har søkt om ein del sponsormidlar og alt fått tilslag frå Det Norske Samlaget om kr. 17.000 i tilskot til årets Amboltpris. Reiste spørsmål om ein bør gå over til digital publisering av Venelagsheftet. Lufta og tanken om å meir digitalisering av opplesingar og konsertar. Årsmeldinga vart godkjend.

Sak 3: Godkjenning av rekneskap.

Anders Kr. Oppheim la fram rekneskapen for driftsåret august 2021- 5. september 2022. Drifta fekk eit underskot på kr. 36.004,02. Underskotet kjem frå festival og arrangementkostnader (inkl. reisekostnader) Utgåve av Venelagsheftet held seg på pluss/minus kr. 20.000 pr. nummer. Ca. 250 personar har betalt lagspengar for året 2022. Rekneskapen godkjend.

Sak 4: Val. Nytt styre vart valt:

Leiar	Ågot Gammersvik
Styremedlemmer:	Guri Hjeltnes
	Marit Hafting
	Torbjørn Ljones
	Vidar Vambheim
Varamedlem;	Alf Gunnar Eritsland
Rekneskapsfører:	Anders Kr. Oppheim
Revisor:	Asbjørn Børsheim

Styret fekk fullmakt til å utnemna ny valnemnd.

Ulvik, 9.9.2022

Anders Kr. Oppheim

Underskrift

Eli Lillebø

Ingebjørg Winjum